



**Vestland
Arbeidarparti**

ENDELEG FORSLAG FRÅ PROGRAMNEMNDA

Valprogram for Vestland Arbeidarparti 2023-2027

Trygg styring i ei krevjande tid	3
<i>Om Vestland lukkast, lukkast Norge</i>	3
<i>Seks visjonar for Vestland</i>	4
<i>Eit Vestland for framtida</i>	5
Opplæring og kompetanse – ein inkluderande fellesskule	6
<i>Vidaregåande opplæring</i>	6
<i>Fleire fagarbeidarar med høg kompetanse</i>	8
<i>Fagskulen for framtidige fagarbeidarar</i>	9
<i>Regional kompetansepolitikk: Lære heile livet</i>	10
Samferdsle og infrastruktur	10
<i>Vegnettet</i>	11
<i>Eit kollektivtilbod for framtida</i>	12
<i>Sjøtransport og luftfart</i>	13
Næringsliv og arbeidsliv	14
<i>Eit seriøst arbeidsliv for alle</i>	14
<i>Utvikling og omstilling av næringsliv og industri</i>	15
<i>Landbruk, reiseliv og havbruk</i>	16
Energi, klima og miljø	17
Kultur, idrett og frivilligheit	19
<i>Kultur og språk</i>	19
<i>Kulturmiljø og fartøyvern</i>	20
<i>Idrett og friluftsliv</i>	20
<i>Frivilligheit og demokrati</i>	22
<i>Inkludering og mangfald</i>	22
God tannhelse for alle	23
Trygg styring for eit sterkare Vestland	23

Trygg styring i ei krevjande tid

Arbeidarpartiet sine kjerneverdier er **fridom, likskap og solidaritet**. Fridom for nokre skal ikkje avgrense fridomen for andre. Alle skal ha moglegheita til å lukkast, uavhengig av kvar du bur, kor du kjem frå, kva du trur på eller storleiken på lommeboka di.

I 2022 gjekk verda inn i ei ny krisetid med krig i Europa. Etterdønningane etter koronakrisa og krigen i Europa har medført dyrtid og inflasjon, noko som òg påverkar oss. Framtida er meir usikker enn før.

I krisetid og omstilling er det avgjerande å skape tryggleik for arbeid og velferd. For oss er arbeid, velferd og klima dei viktigaste prioriteringane. Historia viser at like moglegheiter, små skilnadar mellom folk og høg tillit er avgjerande for å handtere kriser slik at vi kjem sterkare ut på andre sida. Difor er vi sosialdemokratlar. Arbeidarpartiet står for trygg styring og framtidsretta løysingar. Vi håpar på di støtte til å styre Vestland også dei neste fire åra.

Om Vestland lukkast, lukkast Norge

Norge og verda står overfor fleire store utfordringar og skilnaden mellom fattige og rike aukar. Klimakrisa er her og har store konsekvensar for oss her vest med meir nedbør, ras, tørke og eit varmare hav. Vi kjenner allereie på følgjene no, men det er dei framtidige generasjonane som vil kjenne det mest.

Vestland er eit Norge i miniatyr. Bergen er storbyen med folkerike nabokommunar rundt. Langs kysten har vi små og store lokalsamfunn som lever av havet, og ved fjordane våre har vi fleire byar og tettstadar. Vi har ein vakker natur med kyst, fjordar, fjell og vatn. Vestland har utfordringane og moglegheitene som heile Norge har.

For å skape like moglegheiter for alle og ein sterk offentleg velferdsstat, må vi sikre auka grøn verdiskaping basert på vårt naturgitte potensiale i Vestland. Løysinga er å skape for å dele, samtidig som vi kuttar klimagassutslepp.

Det er naturressursane våre som har skapt grunnlaget for det mangfaldige næringslivet i Vestland. Verksemdar innan verftsindustri, olje og gass, prosessindustri, fornybar energi, reiseliv, landbruk, fiske og oppdrett er sentrale for verdiskapinga i Vestland.

Petroleumsnæringa har teke Norge inn i ein gullalder, både med rikdom og med kompetanse. I framtida må vi redusere olje- og gassproduksjonen vår. For å sikre overgangen skal vi skape den nye grønne industrien på skuldrene av den gamle. Norge må og skal vere ein sterk industrinasjon med verdsleiande kompetanse også i framtida.

For å klare omstillinga, må vi ha ein inkluderande fellesskule for alle. Lærarane skal ha tillit til å utøve yrket sitt, og elevane skal møte ein skule med rom til å sjå kvar einiskild. Alle skal ha moglegheitene til å lukkast, anten det er med meisterbrev eller mastergrad.

Vi skal fortsette satsinga på yrkesfaga og sikre at alle som er kvalifisert, får læreplass. Samarbeidet med næringslivet må styrkast, og vi skal skape fleire moglegheiter til yrkesfagleg høgare utdanning. Elevane skal vere klare i møte med arbeidslivet og studentlivet.

Vegane våre skal vere trygge og binde Vestland saman. Kollektivtilbodet skal utviklast slik at det er tilpassa livet i både by og land. Det skal vere trygt og effektivt å ferdast i Vestland på ein miljøvenleg måte.

Ved å sikre ein inkluderande fellesskule og bygge eit næringsliv basert på våre naturgitte føresetnader, skal vi skape for å dele. Med eit næringsliv i vekst, kan vi sikre velferda til fleire og klare klimaomstillinga. Vestland er eit spegelbilette av Norge. Om Vestland lukkast, lukkast Norge.

Seks visjonar for Vestland

Overordna for programmet vårt er visjonane for eit sterkare og meir inkluderande Vestland. Desse visjonane vil gjenspegle heile programmet vår, og vere ei rettesnor for alle avgjersler vi tar i perioden.

Vestland Arbeidarparti sine seks visjonar er at:

- Alle ungdomar skal gjennomføre vidaregåande opplæring med vitnemål, kompetansebevis eller fagbrev. Ingen skal ufrivillig stå utanfor arbeid, skule eller anna opplæring.
- Næringslivet og det offentlege har tilgang på nok arbeidskraft og kompetanse, og at Vestland har eit seriøst og organisert arbeidsliv.
- Vi skal nå klimamåla om 55% utsleppskutt, innan 2030, og fylkeskommunen skal vere klimanøytral.
- Industrien og næringslivet i Vestland skal utvikle grønne teknologiske løysingar for heile verda, og sikre kommersiell produksjon av nye teknologiar i eigen region.

- Kulturlivet, idretten og frivilligheita skal blomstre med eit mangfald av uttrykk, idrettsgreiner og organisasjonar som gir plass til alle.
- Fylkesvegane våre skal vere trygge og binde fylket vårt godt saman.

Eit Vestland for framtida

Dei store utfordringane løyser vi best om alle delar av samfunnet bidreg til å gjere folk sine liv betre. For Vestland Arbeidarparti er klimakrisa og ulikskapskrisa dei to store overordna utfordringane vi står overfor. Klimapolitikk og politikk for å utjamne sosiale skilnader blir såleis ein raud tråd i programmet innanfor alle område.

Gjennom folkehelsearbeidet vil vi styrke den psykiske og fysiske helsa til innbyggjarane våre og arbeide for betre levekår og mot sosial ulikskap. Sosial-, helsemessig- og økologisk berekraft vil vere grunnprinsippa i det politiske arbeidet vårt.

For å løyse dei store samfunnsutfordringane må vi samarbeide på tvers av det offentlege, private og frivillige. Fylkeskommunen må vere ein medspelar for å skape berekraftige samfunn i by og bygd. Gjennom gode samarbeid skaper vi det beste samfunnet.

Om du bur i Bremanger, på Bømlo eller i Bergen, skal du kunne leve eit godt liv. Saman skal vi skape det leiande verdiskapingsfylket, vere det beste folkehelsefylket og skape ei inkluderande framtid for alle.

Vestland fylkeskommune skal kjempe for eit styrka Vestland opp mot nasjonale styresmakter.

Slik skal vi, saman med kommunane, styrke Vestland som den leiande regionen i Norge.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Følgje FNs berekraftsmål i politikktutforminga og ha klima, natur, folkehelse og sosial utjamning som ramme rundt all politikk.
- Aktivt samarbeide med kommunar, næringsliv og sivilsamfunn for å utvikle Vestland.
- Sikre at Vestland blir ein sterk motpol mot det sentrale austlandet.
- Vere eit talerøyr for kommunar, næringsliv, kulturliv og frivilligheit mot nasjonale styresmakter.
- Omsynet til berekraft, klima og naturmangfald skal vere førande i regionale planar og ved innspel til lokale og statlege planar.

Opplæring og kompetanse – ein inkluderande fellesskule

Alle skal kunne lukkast uavhengig av kven ein er. Skulen er ein viktig arena for utjamning av forskjellar mellom elevane. Skulen er også avgjerande for å sikre næringslivet kompetanse og arbeidskraft. Det gjer ein med god yrkesopplæring og høgare yrkesfagleg utdanning.

Arbeidarpartiet vil styrke den offentlege fellesskulen gjennom auka kvalitet i opplæringa, sikre gratisprinsippet og betre velferda for elevane. Målet er at alle elevar skal fullføre vidaregåande opplæring.

Vidaregåande opplæring

Det skal vere trygt og motiverande å gå på skulen. Vi treng gode bygg med universell utforming, oppdatert undervisningsmateriell og kvalifiserte lærarar. Dette skaper læring, trivsel og motivasjon.

Prinsippet om at den offentlege skulen sikrar like moglegheiter for alle er grunnleggjande for Arbeidarpartiet sin skulepolitikk. Difor ønskjer vi ikkje fleire privatskular.

Læraren er den viktigaste ressursen for den einskilde eleven si læring og må difor få tillit og høve til å utøve yrket sitt. Elevane treng å oppleve meistring og trivsel på skulen. Dette er viktige faktorar for læring og god fysisk og psykisk helse. Difor må vi styrke den tverrfaglege innsatsen rundt elevane med mellom anna psykososial kompetanse og miljøarbeidarar. Vi må og betre samarbeidet mellom den kommunale helsetenesta, skulehelsetenesta og dei vidaregåande skulane.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Vidareføre bruken av inntaksregionar i Vestland for å sikre retten til å gå på ein skule nær der ein bur.
- Sikre eit godt vidaregåande opplæringstilbod for elevane i heile fylket, dette inneber ein berekraftig balanse mellom ein desentralisert skulemodell og eit variert programtilbod.
- Vidareutvikle Nettskulen i Vestland for å sikre mangfaldige opplæringstilbod i heile fylket.

- Arbeide for eit betre tilpassa og meir variert undervisningstilbod for elevar med nedsett funksjonsevne.
- Vidareføre retten til å fullføre skuleløpet på den skulen ein har starta på.
- Sikre gode økonomiske rammer for skulane, og seie nei til stykkprisfinansiering.
- Vidareføre tilbodet om gratis skulefrukost på alle vidaregåande skular i Vestland.
- Sikre at elevane skal ha tilgang til fysiske læremiddel. Det digitale skal vere eit supplement. Læremiddel skal vere på begge målformer i tide til skulestart.
- Arbeide for rimelegare skule-PC ar og sikre at andre læremiddel ein treng i vidaregåande skule skal vere gratis.
- Sikre at elevar som er i ferd med å falle ut av skuleløpet skal ha rett til god oppfølging, både sosialpedagogisk oppfølging og frå rettleiingstenesta.
- Sikre tilstrekkelege ressursar til elev-, lærling- og mobbeomboda.
- Styrke rådgjevingstenesta i den vidaregåande skulen, blant anna gjennom kompetanseutvikling for dei tilsette, betre kartleggingsverktøy og samarbeid med arbeidsliv og med karrieresenter.
- Styrke laget rundt eleven ved å opprette eigne miljøteam eller miljøkoordinatorar, og ha god psykososial kompetanse på alle vidaregåande skular.
- Arbeide for at kommunane skal ha fleire helsesjukepleiarar på dei vidaregåande skulane, då helsesjukepleiarar er eit kommunalt ansvar.
- Seie nei til etableringa av nye privatskular med offentleg finansiering, og nei til utviding av eksisterande kommersielle privatskular.
- Dei vidaregåande skulane skal vere opne for politiske ungdoms- og interesseorganisasjonar.
- Sikre at hybelbuarar har trygge og gode vilkår i og utanfor skuletida, ved å mellom anna opprette eigne trivselstiltak og ha eigne miljøkoordinatorar.
- Oppretthalde produksjonskulane i Vestland og sikre framtidig finansiering i samarbeid med staten.
- Sikre at skular og offentlege fellesareal skal vere universelt utforma.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:

- Gjere konsesjonar til privatskular med offentleg finansiering tidsavgrensa, og syte for at desse blir sett i samanheng med den offentlege skulestrukturen. Fylkeskommunen må ha større påverknad på etableringa av og strukturen på dei private skulane.
- Fjerne den offentlege støtta til kommersielle privatskular på sikt.
- Innføre alternative eksamensformer som i større grad kan syne den einskilde eleven sin kompetanse, til dømes ved bruk av mappevurdering.
- Auke stipenda til elevane for å sikre gratisprinsippet i vidaregåande skule, også for dei som bur på hybel.

Fleire fagarbeidarar med høg kompetanse

For å løyse utfordringane som kjem i framtida, vil ein ha bruk for mange fleire utdanna fagarbeidarar. Vi vil arbeide for at trenden med at fleire vel yrkesfag, held fram, og vi vil sikre at fagprogramma til ei kvar tid er relevante for arbeidslivet. Alle som er kvalifiserte til å få ein læreplass, skal få det.

Dei vidaregåande skulane skal ha godt opplæringsmateriell. Den teknologiske utviklinga krev at det offentlege har godt samarbeid med næringslivet, mellom anna gjennom samarbeid om moderne opplæringsutstyr. Yrkesfaga skal tilpassast næringslivet sitt behov for arbeidskraft i framtida, og elevane skal vere best mogleg førebudde på krava dei vil møte som lærlingar.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Innføre ein læreplassgaranti, slik at alle elevar som er kvalifiserte får læreplass.
- Sikre YSK-linjene, og vurdere å opprette fleire klassar i fleire delar av fylket.
- Auke gjennomføringa på yrkesfag ved at fleire går ut i lære, mellom anna ved at fleire kan få praksisopphald i løpet av skulegangen
- Arbeide for å auke talet elevar som tar fagbrev slik at færre elevar går over på påbygg før fullført fagbrev.
- Arbeide for meir varierte studiespesialiserande løp, som studiespesialiserande programfag innan helsefag.
- Samarbeide med lokalt næringsliv for å utdanne relevant arbeidskraft for næringslivet og for å sikre at lærlingane har erfaring med utstyret dei skal nytte i arbeidslivet.
- Arbeide for å opprette klasser der ulike faggrupper kan ta fellesfag på skulen, og ta resten av opplæringa i bedriftene.
- Arbeide for at fleire fagarbeidarar kan ta bachelor- og masterutdanning gjennom Y-vegen. Dette gjeld særleg innan helsefag og tekniske fag.
- Arbeide mot kommunane for å sikre fleire læreplassar i offentleg sektor, særleg innanfor velferdsyrka, og at det er samsvar mellom tilgjengelege læreplassar og skuleplassar.
- Dimensjonere yrkesfagtilboda slik at dei samsvarer med tilgjengelege læreplassar.
- Utvide individuelt tilpassa skuletilbod for ungdomar med alvorlege psykiske vanskar til òg å omfatte yrkesfaglege tilbod.
- Legge til rette for at alle skal kunne lykkes med fagskoleutdanning eller som lærekandidatar uavhengig av fysiske og psykiske barrierar.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for:

- At nasjonalt senter for yrkesfag blir plassert i Vestland, i godt samarbeid med dei vidaregåande skulane, fagskulen og universitets- og høgskulemiljøa.
- At fylkeskommunane får ekstratilskot for å opprette YSK-linjer.

Fagskulen for framtidige fagarbeidarar

Fagskulen gir moglegheiter til fagarbeidarar som vil vidareutdanne seg. Fagskulen gir høgare yrkesfagleg utdanning, og er avgjerande for å imøtekomme kompetansebehovet i framtida. Det er kompetansen hos dei tilsette som er det største konkurransefortrinnet i norsk næringsliv. Kombinasjonen av praktisk og teoretisk kompetanse er noko av det viktigaste industrien og næringslivet elles treng, og fagskulen er sentral for å sikre næringslivet rett kompetanse for framtida.

Det er viktig at fagskulen får den anerkjenninga den fortener, som eit godt alternativ til høgare akademisk utdanning.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Vere ein aktiv eigar og ha fagtilbod på Fagskulen i Vestland som er relevante for arbeidslivet.
- Legge til rette for kortare utdanningar og høve til å kombinere utdanning med arbeid.
- Styrke utdanningstilboda ved fagskulane og legge til rette for fleksible løysingar der utdanninga kan gjennomførast desentralisert og i tilpassa modular.
- Informere om tilbod om høgare yrkesfagleg utdanning gjennom kampanjar retta mot ungdomsskular og yrkesfagselevar i vidaregåande skule.
- Sikre at fagskulestudentane sine studentrettar vert likestilte med universitets- og høgskulestudentane sine rettार.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:

- Auke statusen til fagskuleutdanninga.
- Auke den statlege finansieringa av fagskulane i Norge.

Regional kompetansepolitikk: Lære heile livet

Det vil bli vanlegare i framtida at ein skiftar jobb oftare. Arbeidslivet er heile tida i endring og dette medfører at fleire må omskulere seg og ta vidareutdanning for å ha den kompetansen arbeidslivet treng. Slik sikrar vi at fleire blir inkluderte i arbeidslivet, og vi sikrar eit sterkt og konkurransedyktig næringsliv. Difor må prinsippet om å lære heile livet bli grunnleggande for opplæringspolitikken. Utdanning og livslang læring må vere tilgjengeleg der folk bur.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Styrke tilbodet om etter- og vidareutdanning for alle yrkesgrupper i nært samarbeid med partane i arbeidslivet og vaksenopplæringsorganisasjonane/studieforbunda.
- Samarbeide med staten i utviklinga av desentraliserte utdanningscenter, slik at fleire kan ta utdanning i nærleiken av der dei bur, samstundes som dei er i arbeid.
- Samarbeide med Fagskulen i Vestland, Universitetet i Bergen og Høgskulen på Vestlandet om korleis betre legge til rette for å ta fag uavhengig av bachelor- og masterløp.
- Samarbeide med staten om yrkesfagleg rekvalifisering med oppdatert og formalisert kompetanse til både arbeidstakarar og arbeidsgjevarar.
- Arbeide for å gi studentar meir praksis i arbeidslivet gjennom traineeordningar i fylkeskommunen og ved samarbeid med næringslivet.

Samferdsle og infrastruktur

Vestland Arbeidarparti sitt overordna mål er å legge til rette for gode liv, busetting og verdiskaping i heile fylket. Vestland er eit fylke med store moglegheiter; samstundes som vi står vi også overfor utfordringar knytt til folkevekst, omstilling av næringslivet og det å nå ambisiøse klimamål.

Vestland Arbeidarparti legg nullvisjonen om at ingen skal døy eller verta hardt skadd til grunn for samferdslepolitikken.

For Vestland Arbeidarparti er difor dei overordna måla for samferdslepolitikken:

- Å prioritere liv og helse.
- Å sikre gode, trygge og framkommelege vegar.
- Å kutte utslepp for å løyse klimakrisa.
- Å utvikle attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar som sikrar konkurransekrafta i Vestland.

Vegnettet

Gode, trygge og framkommelege vegar er avgjerande for at Vestland skal vere attraktivt for både busetnad og næring. På fylkesvegane er det utfordringar med utrygge, rasutsette vegar og eit stort vedlikehaldsetterslep. I tillegg er køproblem, ferjer og andre barrierar ei avgrensing for næringsliv og utvikling av attraktive lokalsamfunn i Vestland.

Vegutbygging medfører arealinngrep som vil kunna gje auka klimagassutslepp og tap av naturmangfald. I store motorvegprosjekt skal nedskalering vurderast for å nå nasjonale målsettingar for klima og natur, og sikra naudsynte ressursar til oppgradering, vedlikehald og rassikring av vegnettet.

Riks- og europavegane spelar også ei avgjerande rolle for å knyta fylket vårt saman internt og med andre regionar nord, sør og aust for oss. Vi forventar at staten prioriterer å bygge ut eit trygt, rassikkert, tenleg og effektivt overordna vegnett i fylket vårt. Det vil styrke busetting, konkurransekraft og legge til rette for den store omstillinga vi skal gjennom i åra som kjem.

Det hastar med å få på plass et trygt og effektivt vegnett i Bergensregionen, for å redusere kø, betre beredskap, redusere klimagassutslepp og nå nullvisjonen om hardt skadde og drepne i trafikken.

Arbeidarpartiet vil:

- Prioritere rassikring, trafikktryggleik, trygge skulevegar og nødvendig vedlikehald på fylkesvegnettet.
- Vere ein pådrivar for å avløyse eller korte inn ferjesamband der dette er økonomisk fornuftig for fylkeskommunen.
- Sikre at større samferdsleprosjekt bidreg til regional verdi- og jobbskaping.
- Styrke krav til klima og innovasjon i fylkeskommunale anbod.
- Arbeide for at vi gjennomfører prosjekt på ein måte som sikrar meir trafiksikker veg for pengane.
- At Vestland skal bli ein "trafiksikker fylkeskommune".
- Avgrense tap av dyrka mark og naturmangfald ved vegbygging.

Arbeidarpartiet vil arbeide mot staten for å:

- Få mest mogleg samferdslemidlar til fylket
- Sikre forpliktande nasjonale planar for vedlikehald og rassikring av riks- og fylkesvegar, med mål om ei tredobling av rassikringsmidlane til Vestland - og gjennomføring i løpet av 12 år.

- Forbetre ferjeavløysingsordninga for å realisere modne ferjeavløysings- og – innkortingsprosjekt.
- Realisere ny veg og bane mellom Bergen og Voss (K5).
- Realisere ein opprusta og ferjefri E39 langs nord/sør-aksen med gode koplingar til andre område i fylket.
- Bygge ut eit effektivt og trygt vegnett i Bergensregionen, særleg E39 og Rv555.
- Forbetre aust-vest sambanda; E16, E134, Rv15, Rv7.
- Utbetre Rv13 for å knytte indre Vestland saman.

Eit kollektivtilbod for framtida

Norge og Vestland har sett ambisiøse klimamål fram til 2030 og 2050. Bergen er også omfatta av nullvekstmålet for biltrafikk. Auka bruk av miljøvennleg kollektivtransport, tilrettelegging for sykkistar/gåande og gjennomtenkt by- og tettstadplanlegging, spelar ei avgjerande rolle for å nå desse måla. Då må det satsast vidare på utvikling av kollektivtransporten i Bergen, der befolkningsgrunnlaget for kollektive løysingar er størst. Utanfor storbyen vil auke i kollektivbruk krevje utvikling av nye og meir treffsikre mobilitetskonsept i samarbeid med kommunane. Gode døme på dette er ringbuss med regelmessige avgangar i dei større tettstadane og bydelane, samt gode tilbod på bestillingsruter i meir spreidd bygde område. Best utvikling får vi dersom innfartsparkeringar, sykkelveggar og gangveggar vert sett i samanheng med kollektivtilbodet både i byar og tettstadar.

Vestland fylkeskommune har forplikta seg til realisera målet om nullvekst i privatbilismen i Bergensområdet. Eit av våre viktigaste verkøy for å nå det målet er Bybanen, som er ryggrada i kollektivsystemet i Norges nest største by. Vestland Arbeidarparti vil byggje bybanen til Åsane, og er positiv til bybane til fleire bydelar i framtida.

Arbeidarpartiet vil:

- At Skyss må bli eit fullverdig mobilitetsselskap. Det vil seie å skape samanheng mellom sykkel, bildeletenester, og andre kollektivløysingar utover buss, båt og bane.
- Gjere det gratis for born opp til og med 12 år på kollektiv på fritida, med mål om gratis kollektivtransport til fylte 16 år.
- Arbeide vidare med nye billett typar som er tilpassa ein meir fleksibel reisekvardag.
- Halde fram med å gi studentar lågare pris på periode- og enkeltbilletter.
- Utvikle nye løysingar som aukar kollektiv bruken i distrikta.

- Sikre at prisen på kollektivreiser ikkje skal auke meir enn generell prisvekst.
- Forenkla og samkøyre takstsystema mellom tog, buss, hurtigbåt og ferje, og sikre god korrespondanse.
- Satse på utbygging av gang- og sykkelveggar i samarbeid med kommunane.
- Sikre at kollektivtransporten framleis skal vere reklamefri.
- Sørge for at kollektivtransporten er universelt utforma, både kva gjeld haldeplassar, bussar og anna transportmiddel.
- Bygge Bybanen til Åsane.
- Sikre bussjåførane med betre kollisjonsvern på bussane.
- Vurdere å drive kollektivtrafikken i eigenregi og uten bruk av anbod.

Arbeidarpartiet vil arbeide mot staten for å:

- Få ein større statleg del av store kollektivprosjekt.
- Sikre minst 70% statleg finansiering av Bybanen.
- Bygge ut Bergensbanen med mål om reisetid på 4 timar og konkurransedyktig pris.

Sjøtransport og luftfart

Ferje og hurtigbåt er ein avgjerande del av samferdsletilbodet i store delar av Vestland. Eit tenleg ferje- og hurtigbåttilbod som dekker behova til folk og næringsliv er difor nødvendig for å sikre livskraftige lokalsamfunn.

Hurtigbåtane har i dag store utslepp. I kommande anbod er det difor viktig å gå over til låg- og nullutsleppsløysingar også på hurtigbåtane, samtidig som ein tar vare på eit godt rutetilbod til dei reisande.

Kortbanenettet for fly er ein viktig og nødvendig del av beredskapen og kollektivtilbodet i distriktet. Vestland Arbeidarparti vil arbeide for at kortbanenettet skal ha eit godt og framtidsretta flytilbod, primært gjennom at alle fem kortbaneflyplassane i fylket vert ein del av staten si FOT-ruteordning (flyrutekjøpsordning).

Vi vil også arbeide for at vi får ei pilotordning på utsleppsfrie fly på kortbanenettet i Vestland.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Stille krav til miljøvenleg drift og fornya hurtigbåtar i heile fylket.
- Sjå på moglegheita for fleire lokale hurtigbåtar i Bergensområdet.
- Sjå på moglegheita for å auke avgangar og utvide opningstid på hurtigbåt om passasjertalet tilseier det.
- Sikre at ferjetilbodet er fleksibelt i høve til endra trafikkmengd.
- Ha ferjetilbod som er med på å utvikle velfungerande bu- og arbeidsområde.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:

- Sikre betre statleg finansiering av ferje- og hurtigbåttilbodet som er i samsvar med kostnadsveksten i nye anbod og ved ny teknologi.
- Sikre, merke og utdjupe skipsleia langs kysten og bygge ut Stad skipstunnel.

Næringsliv og arbeidsliv

Arbeid til alle er jobb nummer éin og vår viktigaste oppgåve. Skal vi lukkast med den, må vi utvikle våre eksisterande næringar og legge grunnlaget for nytt næringsliv og ny industri i heile fylket.

Det grønne skiftet og krav om kutt i klimautslepp krev nye løysingar. Næringslivet i vår region har synt at dei på mange område er verdsleiande og evnar å utvikle ny teknologi som kan møte utfordringane i framtida.

Høg sysselsetting og eit organisert arbeidsliv er ein føresetnad for eit tillitsbasert samfunn med små skilnader, og legg grunnlaget for finansieringa av den felles velferda vår. Trygge jobbar og ei løn det er mogleg å leve av, er avgjerande for fridomen til den einskilde og for fellesskapet.

Eit seriøst arbeidsliv for alle

Arbeidarpartiet har ei grunnleggande tru på at alle arbeidsplassar vert drivne best når dei tilsette vert høyrde og har høve til å medverke i viktige prosessar.

Utan det organiserte arbeidslivet overlever ikkje samfunnsmodellen vår. Saman med ei sterk fagrørsle vil vi kjempe mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. I eit arbeidsliv i stadig endring er kompetanseheving og omstilling eit pågåande arbeid som må forankrast i samarbeidsmodellen.

Arbeidarpartiet seier nei til å privatisere fleire fylkeskommunale tenester. Vi vil avgrense bruken av vikarbyrå og innleige av arbeidskraft i privat og offentleg sektor. Vi vil vurdere å ta tilbake tenester i egen regi når anbudsavtaler går ut.

Dei tilsette i Vestland fylkeskommune skal oppleve å bli møtt av ein seriøs og inkluderande arbeidsgjevar. Arbeidarpartiet vil styrke samarbeidet med tilsette og fagorganisasjonar på alle nivå. Vestland fylkeskommune skal ha ein heiltidskultur og som hovudregel berre lyse ut heile, faste stillingar.

Vestland Arbeidarparti vil:

- At Vestland fylke legg seriositetsbestemmelsar i alle innkjøpa sine for å sikre gode og føreseielege arbeidskår for arbeidsfolk,
- bruke lærlingar i alle fylkeskommunale prosjekt og anbod.
- auke talet på lærlingar i fylkeskommunale verksemder
- Sikre gode rutinar for varsling, og oppfølging og ivaretaking av varslarar.
- Sikre at arbeidstakarane sine pensjonsrettar blir ivaretekne.
- Vere ein aktiv pådrivar for å sikre at fleire får ta del i arbeidslivet.
- At Vestland fylkeskommune bruker VTA-bedrifter der det er mogleg, for å gi alle moglegheit til eit meningsfylt arbeid.
- arbeide for at alle tilsette i fylkeskommunen får tilbod om heiltidsstillingar.
- Sørge for at det i driftskontraktar som blir sett ut på anbod blir sikra at bedrifta tar over tilsette og lærlingar i samsvar med reglane i arbeidsmiljølova
- Opprette ein eigen og uavhengig LO-koordinator som har som oppgåve å etterleve seriositetskrav i anbod og kontraktar.
- Arbeide for fleire VTA-plasser til Vestland.
- Legge til rette for at næringslivet sørger for at alle får delta i arbeidslivet uavhengig av fysiske og psykiske barrierar.

Utvikling og omstilling av næringsliv og industri

Klimaendringane gjer at næringslivet i Vestland må omstille seg i ei grønar retning i tett samarbeid med lokale og nasjonale styresmakter. Vestland har alle føresetnader for å lukkast i ei grøn omstilling med dei sterke fagmiljøa i forsknings- og utdanningsinstitusjonar, partane i arbeidslivet og industri- og næringsverksemder som arbeider i lag.

Mange av klimaløysingane ligg i industrien. Olje- og gassindustrien, maritim industri og leverandørindustrien bygger no det neste energieventyret i Norge. Karbonfangst og -lagring, hydrogen, havvind, batteriteknologi, bioøkonomi og grøn skipsfart kan bli nye store næringar for Norge.

Arbeiderpartiet vil at Vestland skal være eit føregangsfylke i det grønne skiftet. Vi vil ta heile fylket i bruk for å lukkast med omstilling og utvikling av næringslivet, og sørge for at næringslivet og det offentlege i Vestland har tilgang på nok arbeidskraft og kompetanse.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Vere ein pådrivar til at industrien og næringslivet i Vestland utviklar grønne teknologiske løysingar for heile verda og sikre kommersiell produksjon av nye teknologiar i eigen region.
- gjere Vestland fylke til ein aktiv samarbeidspartnar for næringslivet i deira mål om utvikling, innovasjon og utdanning av relevant arbeidskompetanse.
- arbeide for eit styrka verkemiddelapparat til etablering av nye verksemder og utvikling av ny teknologi og nye produkt.
- styrke regionale næringsklynger og inkubatorar med kompetanse og ressursar til å skape arbeidsplassar.
- sørge for digital infrastruktur som stettar behova til næringslivet.
- vidareutvikle samarbeidsprogrammet Grøn Region Vestland.
- Vere ein pådrivar for betre 4G og 5G nett i heile Vestland.

Landbruk, reiseliv og havbruk

Vi treng eit sterkt vestlandslandbruk som produserer trygg og god mat. Dette er viktig for mattryggleik, sjølvberging og berekraft. Landbruket gir arbeidsplassar i heile fylket og grunnlag for ei rekke arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien i distrikta. Frukt- og bær dyrking vil vere eit satsingsområde for vår region fordi vi blir rekna for å vere Norge sin frukthage. Vestlandsskogbruket er viktig for lokal verdiskaping og det grønne skiftet.

Reiselivsnæringa nyttar føremona som naturen vår med fjord og fjell gir av opplevingar frå tilreisande. Næringa har gode føresetningar for å vere ei heilårsnæring som er med på å trygga faste arbeidsplassar. Arbeidarpartiet ser reiselivsnæringa som ei viktig næring for regionen som skal utviklast med merksemd på meir miljøvenlege reiselivsprodukt.

Vestland er blant dei største sjømatfylka i Norge. Sjømatnæringa bidreg til både sysselsetting, verdiskaping og matproduksjon. Det er ei målsetting å legge til rette for at fangsten vert landa og foredla lokalt. Fiskerifaglege, marine og maritime utdanningstilbod må styrkast. Havbruksnæringa må sikrast gode rammevilkår og legge til rette for berekraftig vekst og utvikling av næringa med fokus på å løyse miljøutfordringane vi har i dag.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Sikre vestlandsbonden gode rammevilkår og legge til rette for nye samarbeidsformer som kan gi rekruttering og optimisme i jord- og skogbruksnæringa
- Oppretthalde utdanningsinstitusjonar som sikrar jordbruket fagkompetanse i framtida.
- Vere ein pådrivar i arbeidet med å auke produksjonen av fornybare ressursar frå skog og jordbruk.
- Støtte eit meir berekraftig reiseliv som sikrar naturmangfald og berekraft
- Legge til rette for heilårsreiseliv i heile fylket, og styrke verdiskapinga i næringa.
- Støtte opp om regionale prosjekt som inkluderer kulturinstitusjonar, lokalmattilbod og naturopplevingar i etablering av reiselivsprodukt.
- Arbeide for å etablere landstraumtilkopling for skip
- Sørge for fagutdanning etter reiselivet sine behov gjennom vidaregåande opplæring
- Arbeide for at vidareutvikling av sjømatnæringa skjer på ein berekraftig måte og at fangsten blir landa og vidareutvikla lokalt
- Følgje opp miljøutfordringar knytta til sjukdom og rømming i fiske- og oppdrettsanlegg.
- Styrke og vidareutvikle Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet sine ansvarsområde, og medverke i arbeidet med ny samlokalisering av aktivitetane i Bergen.
- Sørge for god samhandling mellom vidaregåande skule og havnæringa for å bygge kompetanse for framtida.

Energi, klima og miljø

Verda har endra seg mykje dei siste fire åra. Europa står i ei akutt energiforsyningskrise, og Norge kan potensielt stå overfor mange år med høge straumprisar og kraftunderskot.

Samtidig har vi sett klimaendringa herje stadig meir dei siste åra, der konsekvensane blir meir openberre og brutale. Klimaendringane er globale, men årsaka og løysingane er lokale. Difor skal klima vere ramma rundt all politikken vår, og på fylkesnivå.

Det er behov for å auke kraftproduksjonen i Norge Det er behov for å styrke nettkapasiteten i hele Vestland fylke for å møte framtidens etterspørsel etter meir effekt. Vestland Arbeidarparti vil legge til rette for auke i energiproduksjonen, i tråd med miljøkrav og med lokal forankring. Kommunar som seier ja til ny energiproduksjon skal få ein rettferdig del av verdiane som vert skapte.

Tilgang på rein fornybar kraft har alltid vore eit av vestlandsindustrien sine største konkurransefortrinn. Vestland Arbeidarparti vil at vasskraftressursane skal brukast slik at det også i framtida skal vere grunnlag for industriproduksjon i fylket.

Fylket har mange urørde naturområde med stort biologisk mangfald. Arbeidarpartiet skal verne om naturmangfaldet og jobbe for meir produksjon av energi med minst mogleg naturinngrep.

Vestland har alle føresetnader for å lukkast. Målet vårt er eit samfunn der vi utnyttar ressursane våre best mogleg, sikrar naturmangfaldet og aukar kraftproduksjonen for folk og næringsliv.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Vere pådrivar for at område langs kysten i Vestland vert opna for offshore vindkraft, i samråd med kommunane og innanfor nasjonale planar, slik at mest mogleg av verdiskapinga skal skje i fylket vårt.
- Arbeide for å oppgradere eksisterande vasskraftanlegg og linjenett for å redusere krafttap og sikre stabil tilgang på straum.
- Sei nei til kraftutbygging i verna vassdrag, inkludert småkraftverk. Utbygging kan unntaksvis vurderast ved nødvendig flaumsikring eller ved nytt kunnskapsgrunnlag om verneføremål.
- Vekte omsynet til naturmangfald og miljøvern tungt når gjeldande vasskraftkonsesjonar skal reviderast.
- Legge til rette for at ny industri og nye bustadområder får eigen energiforsyning, til dømes gjennom fjernvarme eller solceller.
- Fremje tiltak for betre utnytting av distribusjonsnettet, energieffektivisering (til dømes gjenbruk av spillvarme i industri) og lokal energiproduksjon i heile fylket.
- Fremje krav om dagleg drift og all aktivitet i fylkeskommunen skal skje med klimavenlege løysingar ,og halde bruk av råvarer, avfall, utslepp og energiforbruk i fylkeskommunen til eit minimum.
- Redusere klimagassutslepp og bruke ressursane våre betre slik at Vestland er eit føregangsfylke innan sirkulærøkonomi.
- Innføre tiltak for å rydde opp og forhindre marin forsøpling, i samarbeid med marine næringar, friluftsråd og andre aktørar.

- Sikre at vertskommunane har reell moglegheit til å seie nei til framtidige vindkraftprosjekt.
- At arealplanar for nye vindkraftanlegg på land vert handsama etter plan- og bygningsloven.

Vestland Arbeidarparti vil jobbe mot staten for å:

- Få fortgang i sakshandsaminga på kraftnett og slik sikre betre distribusjon i Vestland fylke, spesielt i Bergensregionen.
- Få lik nettleige i heile landet for å sikre meir rettferdige straumkostnadar for både næringsliv og private bustadar.
- Sikre at større delar av inntektene frå vindkraft på land skal gå til vertskommunen, blant anna gjennom ei auke i skatt og produksjonsavgift

Kultur, idrett og frivilligheit

Kultur og språk

Vestland har eit breitt og mangfaldig kulturliv, frå dei store institusjonane til dei små nisjeaktørane. Arbeidarpartiet meiner at amatørkulturlivet og det profesjonelle kulturlivet er avhengig av kvarandre, og vi vil vidareutvikle dette.

By og land skal gå hand i hand, og alle skal ha eit godt kulturtilbod å gå til uavhengig av kor ein bur.

Vestland er ein viktig region for språkmangfald, mellom anna med sterke nynorsktradisjonar og som heim til fleire dyktige forfattarar. Vi har eit nasjonalt ansvar for å styrke nynorsken sin posisjon i Norge.

Bergen er motoren til kulturlivet i Vestland og den einaste byen som kan konkurrere om å vere den andre kulturbyen i Norge etter Oslo. Bergen skal vere det andre kulturelle hovudpunktet i Norge, med blikket retta utover landegrensene våre.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Støtte arbeidet med å samle det frivillige kulturfeltet under ein paraply, til dømes Amatørkulturrådet Vestland.
- Senke terskelen for deltaking for særleg barn, unge, eldre og minoritetar i kulturlivet, ved å innføre rabattordningar, støtte prosjektarbeid eller liknande.
- Vidareutvikle folkebiblioteka saman med kommunane for å gjere dei meir tilgjengelege for fleire og for å sikre eit variert og godt bibliotektilbod i heile fylket.

- Sjå på moglegheitene for at fylkeskommunen kan samarbeide med dei kommunale kulturskulane om å gje eit regionalt fordjupingstilbod til kulturskuleelevene, og sikre betre tilbod lokalt i kommunane.
- Fremje vestnorsk språk, litteratur og kultur ved å styrke nynorskscenene, litteraturhusa og det breie litteraturfeltet.
- At nynorsk skal vere administrasjonsspråket i fylkeskommunen, og at Vestland fylkeskommune aktivt skal fremje nynorsk i samfunnet.
- Satse vidare på den breie og varierte kulturelle infrastrukturen i Vestland, ved å samarbeide med kommunane og staten om opprettinga og utviklinga av kulturarenaer i heile fylket.
- Vidareutvikle musea ved å vurdere vidare samanslåingar, og særleg auke tilskotet til underfinansierte institusjonar.
- At Bergen skal vere Norge sin fremste kulturby og kulturell motor i Vestland, og støtte arbeidet med Bergen som Europeisk kulturhovudstad i 2036.
- Styrke festivalfylket Vestland, ved mellom anna å sikre deling av kompetanse og ressursar.
- Arbeide for betre vilkår for frilansarar, kunstnarar og det profesjonelle kulturlivet i Vestland.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:

- Sikre at Bergen blir det andre kulturelle tyngdepunktet i Norge.
- Sikre rettvise statlege tilskot til kulturinstitusjonar i Vestland.

Kulturmiljø og fartøyvern

Vestland har ei breidde av kulturminne som representerer fleire delar av den felles historia vår. Vestland Arbeidarparti vil styrke arbeidet med kulturminnevern og den immaterielle delen av kulturarven saman med musea og frivillig sektor. Vestland har Norge si største flåte med verna- og freda fartøy og har ei nasjonal oppgåve i formidling av flytande kulturminne og kystkultur.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Styrke det frivillige regionale kulturminnevernet.
- Oppretthalde satsinga på kystkulturen og styrke fartøyvernet ved mellom anna å betre den frivillige rekrutteringa.

Idrett og friluftsliv

Idretten er hjørnesteinen i livet for veldig mange, uavhengig av alder. For barn er spelegleda på fotballbana eller badmintonbana sjølve drivkrafta i livet, medan foreldre er frivillige og arrangerer cupar og bidreg med planlegginga av den nye idrettshallen. Frivilligheita skal dyrkast og styrkast, og fylkeskommunen skal spele på lag med dei frivillige i Vestland.

Når anlegga er der, kjem aktiviteten. Det same gjeld større arrangement, som skapar idretts glede og samhold. Difor er utvikling av anlegg og støtte til idrettsarrangement svært viktig for å sikre meir og variert fysisk aktivitet i store og små lokalsamfunn.

Samtidig kan vi sjå at fleire er inaktive og er heime, og fleire ønsker å drive med eigenorganisert aktivitet. E-sport og gaming er ein stor del av liva til mange, og det er såleis viktig at vi sikrar gode organiserte rammer rundt dataspel, slik vi gjer no med ein egen e-sportstrategi. Fylkeskommunen må òg arbeide for andre typar arenaer for aktivitet ved offentlege bygg og anlegg.

Friluftslivet veks, særleg etter koronapandemien. Naturen er friluftslivet sin arena, og fylkeskommunen må støtte oppunder arbeidet friluftsansjonane gjer for å gjere naturen meir tilgjengeleg for fleire.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Styrke den lokale frivilligheita rundt idrett og fysisk aktivitet gjennom samarbeid med idrettskrisen og ved bruk av tilskotsordningar.
- Nytte tilskotsordningar og andre verkemiddel for å gi fleire moglegheita til å delta i idretten og friluftslivet og til å vere aktiv i kvardagen.
- Halde på og bidra til å utvikle mangfaldet av idrettsgreiner i samarbeid med idretten.
- Auke tilskotet til idrettsarrangement i Vestland og vere med på å auke og dele kompetanse innanfor arrangement.
- Støtte friluftsansjonane sitt arbeid med å rekruttere frivillige og organisasjonane sitt arbeid med tilrettelegging for deltaking i friluftslivet.
- Arbeide for fotballbaner frie for gummigranulat i samråd og samarbeid med baneieigarar og idretten.
- Vidareutvikle Idrettsklynge Vest.
- Oppretthalde satsinga på e-sport og gaming.
- Støtte arbeidet med gode og sunne fysiske fellesskap for folk i alle aldrar.
- Saman med idrettsrørsla vere med i arbeidet med å gjere idretten endå tryggare og meir inkluderande for alle.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:

- Redusere ventetida mellom godkjent spelemiddelsøknad og utbetaling av midlane i Vestland.
- Auke spelemidlane til strategisk viktige idrettsanlegg.
- Auke tilskota frå staten til friluftsråda sitt arbeid for å ta vare på statlege sikra friluftsområde.

Frivilligheit og demokrati

Sivilsamfunnet er ein grunnstein for eit moderne demokrati. Mangfaldet av små og store organisasjonar er viktige for auke deltakinga i samfunnet, for å fremje samfunnsengasjement og for å gjere frivillig samfunnsnyttig arbeid. Barn, unge, vaksne og eldre finn fellesskap og mening i frivillige organisasjonar. Det vil Arbeidarpartiet verne om.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Auke tilskota til barne- og ungdomsorganisasjonar.
- Oppretthalde tilskota til regionale ungdomsparti.
- Arbeide vidare med å gjere alle fylkeskommunale bygg og anlegg gratis og tilgjengeleg for frivillige organisasjonar.
- Ikkje gje tilskot til organisasjonar som bryt likestillings- og diskrimineringslova, og som ekskluderer kvinner, minoritetar, skeive eller andre frå å delta på noko vis.

Vestland Arbeidarparti vil arbeide mot staten for å:

- sikre at ikkje kostnadene med sikkerheit ved demonstrasjonar og arrangement skal bli for høge for frivillige organisasjonar.

Inkludering og mangfald

Målet til Arbeidarpartiet er at alle skal ha moglegheit til å delta og til å lukkast. Difor er inkluderingsperspektivet gjennomgåande i alt vi gjer. Uavhengig av kor du kjem frå, kva du trur på eller kven du elsker, skal samfunnet vere oppe og gje deg moglegheiter.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Arbeide med ein plan for inkludering og deltaking, som skal nytte alle delar av offentleg sektor for å få fleire ut i utdanning, arbeid og frivilligheit.
- Satse vidare på mentor- og traineeordningar slik at fleire med minoritetsbakgrunn får opna dørene inn til arbeidsliv og næringsliv.

- Stimulere kulturliv, idrett og frivilligheita til å sikre eit større mangfald på scena og i publikum, utan å bryte prinsippet om ei armlengds avstand.
- Sørge for at fleire fritidsaktivitetar blir tilrettelagt for alle, slik at barn med funksjonsnedsettingar og kroniske sjukdomar kan delta.
- Sikre reell medverknad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og andre interesseorganisasjonar og sikre reell universell utforming i fylkeskommunale byggeprosessar.

God tannhelse for alle

Tannhelse er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Difor må vi sikre at det offentlege tannhelsetilbodet er tilgjengeleg i alle delar av fylket. For å få til dette er vi avhengig av at fleire vel tannlegeyrket, og det må jobbast aktivt og langsiktig med rekruttering til yrket. Sterke fagmiljø og kompetansesenter er avgjerande for den vidare utviklinga av tannhelsetenesta og for utvikling av ny teknologi innanfor området. Vi skal legge til rette for at alle som har rett til tannbehandling gjennom det offentlege får det.

Vestland Arbeidarparti skal arbeide for at tannhelsetenesta blir likestilt med anna helseteneste, slik at personleg økonomi ikkje blir avgjerande for om ein har råd til tannbehandling eller ikkje.

Vestland Arbeidarparti vil:

- Oppretthalde et godt tannhelsetilbod i alle delar av fylket.
- Ha søkjelyset på rekruttering av tannlegar til distriktet gjennom gode praksisordningar og informasjon til tannlegestudentane.
- Vidareutvikle kompetansesentera og bidra til utvikling av ny relevant teknologi.
- Arbeide mot staten for at tannhelsetenestene blir likestilt med anna helseteneste.

Trygg styring for eit sterkare Vestland

Trygg økonomisk styring er ein føresetnad for at vi skal nå dei overordna måla våre. I usikre tider skal dette sikre velferda vår.

Politikarane må vise moderasjon. Godtgjersla til folkevalde skal samtidig legge til rette for demokratisk deltaking for flest mogleg. Leiarlønningar til administrativt tilsette skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønsleiande.

Arbeidarpartiet meiner at Vestland fylkeskommune er så stor og omfattande at den politiske styringa må styrkast gjennom parlamentarisme eller ein formannskapsmodell med meir politisk styring.

I Vestland har vi vist at når ein gir fylkeskommunen fleire oppgåver, så løyser vi dei betre enn staten. Vi har kompetansen og storleiken til å ta over fleire oppgåver. Oppgåver som best vert løyste på eit regionalt nivå, bør flyttast til fylkeskommunen. Slik kjem makta nærare folk.

Eit samla Vestland skapar ein slagkraftig region. Difor opnar Arbeidarpartiet for å samle heile Vestlandet i eitt fylke.